

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft		23/831

Saknr	Utval	Type	Dato
076/2023	Formannskapet	PS	11.09.2023

Kjøp av mannskapsbil til Sandnes brannstasjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner at kommunen kjøper ny (brukt) mannskapsbil til Sandnes brannstasjon.

Det vert løyvd krone 375.000 eks. mva. Midlane vert å ta frå disposisjonsfondet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Eksisterande mannskapsbil til GMBR på Sandnes brannstasjon er 33 år gamal. Bilen er difor klar for utskifting. GMBR har no fått tilbod om å kjøpa ein brukt mannskapsbil for krone 375.000, Bilen er frå 2004, og har gått om lag 20.000 km. Nedunder er nærmare detaljar om den aktuelle mannskapsbilen av type Scania 114 G:



- Braco påbygg, tank 2700 liter med vatn, og 200 liter skumvæske.
- 2004 modell
- km pr 2022: 20200
- Ziegler pumpe, 2000 l/min ved 10 bar. Dårlig sugeseffekt, bør bytte `` spjeldhus``. (er bytta)
- Pumpetimar ca 130.
- Warn vinsj Serie 12, 5,4 tonn trekkraft.
- Piggdekk som vinterdekk frå 2017 bak og 2019 framme
- Sommerdekk nye 2019.
- 340 hk.
- Automatgir
- 4X2

Vurdering

Administrasjonen meiner at denne brannbilen vil kunne bli ein svært tenleg mannskapsbil på Sandnes brannstasjon. Spesielt vil ein framheva at bilen ikkje har gått lenger enn ca 20.000 km, og at den er i relativt god stand. Prisen på krone 375.000,- er etter vår vurdering ein grei pris for ein slik brannbil. Sannsynlegvis vil stasjonen på Sandnes kunne ha denne bilen i lang tid.

På bakgrunn av at eksisterande bil er svært klar for utskifting, rår ein til at formannskapet gjer vedtak om å kjøpa denne mannskapsbilen. Kjøpet kan finansierast over disposisjonsfondet.

Konklusjon

Rådmannen rår til at formannskapet gjer vedtak om å kjøpa ny (brukt) mannskapsbil til Sandnes brannstasjon.

Formannskapet - 076/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta,
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Formannskapet godkjenner at kommunen kjøper ny (brukt) mannskapsbil til Sandnes brannstasjon.

Det vert løyvd krone 375.000 eks. mva. Midlane vert å ta frå disposisjonsfondet.